

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag, onsdag 16.februar 2011

Til stades: Johan Urheim, Bjørg Samland, Gerd Ingeborg Haugen, Hallvard Samland, Haldor Tuvinn, Trond Vikane

Sak 1 Nedlegging av Herand barnehage ?

Arbeidsutvalet orienterte styret om arbeid og møte det har hatt i forkant av dette styremøtet:

Arbeidsutvalet fekk i midten av januar årsrekneskapen 2010 for Herand barnehage. Driftsresultatet viste eit underskot på kr 213 700.

Arbeidsutvalet har deretter hatt fleire møte og drøfta kva innverknad dette vil få for økonomien til bygdelaget, og for den vidare drifta av barnehagen.

Frå og med 2011 gjeld nye reglar for offentlege tilskot til barnehagar. Straks det vart klarlagt kor stort offentleg tilskot Herand barnehage vil få for 2011, vart det sett i gang arbeid med å utarbeida eit årsbudsjett for 2011. Dette budsjettoverslaget for 2011 viser eit underskot på minst kr 180 000. Hovedårsaka til dei store underskota for 2010 og 2011 er at barnetalet i barnehagen er for lite. Dermed vert det offentlege tilskotet for lite til å dekkja driftskostnadene til barnehagedrifta.

11. februar hadde arbeidsutvalet møte med dei tilsette i barnehagen. Dei tilsette vart orienterte om den økonomiske situasjonen for barnehagen, og dei var samde med arbeidsutvalet om at det ikkje er grunnlag for vidare drift av barnehagen.

Styret i bygdelaget drøfta denne orienteringa frå arbeidsutvalet, og det vart så gjort dette einstemmige vedtaket:

Herand barnehage vert lagt ned med verknad frå 1. august 2011.

Fram til 1. august 2011 vert det ordinær drift av barnehagen.

Styret beklagar at barnehagen vert nedlagt, men med så få barn i barnehagen er det økonomisk umogeleg med vidare drift. Styret valde å ikkje leggja ned barnehagen før barnehageåret er slutt, 1. august. Dette for at foreldra til barna i barnehagen ikkje skulle koma i ein altfor vanskeleg situasjon.

Styret drøfta deretter ulike tiltak for å prøva å redusera underskotet fram til 1. august 2011.

Sak 2 Årsmøte

Årsmøtet vert halde søndag 20. mars. Det vert eit felles årsmøte for bygdelaget og landskapsparken. Det vert sendt ut melding til valnemnda om kven som er på val i styret for bygdelaget.

Sak 3 Herandshelg 2. - 3. juli 2011

Det er sendt brev til trivsel- og kulturgruppa der dei blir bedne om å starta planlegginga av Herandshelga. Hallvard Samland vart valt til å vera styret sin kontaktperson.

Sak 4 Ymse

1. I styremøte 15. desember 2010 vart det teke opp ynskje frå bladstyret i Herand Bygdeblad om å vurdere skifte av trykkeri til eit meir lokalt trykkeri. Det vart sendt forespørsel til tre trykkeri. Anboda frå desse viser at den avtalen me har er den billegaste. Det vert difor ikkje aktuelt å byta trykkeri.

2. Oppsummerte lista over tilflyttarar til bygda i 2010. Desse vil få eit gratis årsabonnement på Herand Bygdeblad.

Trond Vikane
skrivar